


LexicoNordica

Titel: Den første norske tesaurus: Ivar Aasens *Norsk Maalbunad*

Forfatter: Lars S. Vikør

Kilde: LexicoNordica 18, 2011, s. 199-222

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/lexn/issue/archive>



© LexicoNordica og forfatterne

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsrettsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Den første norske tesaurus: Ivar Aasens *Norsk Maalbunad*

Lars S. Vikør

This article contains a discussion of the first onomasiological dictionary for Norwegian: Ivar Aasen's *Norsk Maalbunad* (published posthumously in 1925). Aasen (1813–1896) was the founder of the dialect-based “Nynorsk” variety of Norwegian, and Norway's first advanced dialectologist and lexicographer. *Norsk Maalbunad* was in fact primarily intended by Aasen as an aid in his other lexicographic work, and therefore not published by him (although completed in 1876). Its model was Roget's Thesaurus, but Aasen's choice of words and their arrangement were taken from the world of Norwegian farmers, although he also coined abstract words for concepts not covered in everyday popular speech at the time. The article analyses the structure of *Norsk Maalbunad* and discusses some of the problems Aasen encountered in the development of an adequate modern vocabulary for the new written language.

1. Innleiing

Ivar Aasen: *Norsk Maalbunad* (utgitt 1925) er den første tesaurussen som vart laga for norsk, og var lenge den einaste. Men den vart aldri ferdig frå Aasens hand, og var heller ikkje primært meint for publisering; boka vart gitt ut posthumt nesten femti år etter at Aasen hadde lagt siste hand på manuskriptet i 1876. Ivar Aasen var Noregs første store leksikograf, og i det omfattande ordbokssarbeidet sitt hadde han bruk for semantiske klassifikasjonar som eit middel til å handtere det ordmaterialet han samla inn. Det var til hjelp i definisjonspraksisen hans.

I denne artikkelen tar eg for meg bakgrunnen og tilblivings-

TEMATISKE BIDRAG

historia til *Norsk Maalbunad*, heretter forkorta NMB, og så går eg inn på struktur og innhald i ein kulturell og historisk kontekst, med konkrete punktdrøftingar av nokre små utdrag. Eg gjer ei kort samanlikning mellom Aasen og det truleg viktigaste forbildet hans, Rogets *Thesaurus*, og drøftar resepsjonen av NMB i ettertida. Til slutt prøver eg å plassere NMB i norsk leksikografihistorie.

2. Bakgrunnen

I 1873 fullførte Ivar Aasen sitt største og viktigaste verk, *Norsk Ord-bog med dansk Forklaring*, heretter forkorta NO73, der han la fram heile ordtilfanget han fann i dialektane. (Tittelen *Norsk Ordbog / Ordbok* dekker fleire verk, deriblant det planlagde tolvbandsverket *Norsk Ordbok*, som er i arbeid med tanke på fullføring i 2014, og som eg av og til også refererer til, da med forkortinga NO2014.)

Etter dette arbeidde han vidare på fleire andre prosjekt, deriblant NMB, som han fullførte i ei foreløpig form tidleg i 1876. Men så vart det ikkje meir. Han tenkte på å gå vidare og gjere arbeidet klart til publisering, men prioriterte andre oppgåver til han ikkje lenger hadde krefter til slikt arbeid. Dermed vart manuset til NMB liggande i papira hans.

Først 29 år etter Aasens død, i 1925, kom NMB ut på trykk, i ei utgåve ved Sigurd Kolsrud, professor i nynorsk og norske dialektar ved Universitetet i Oslo. Kolsrud har ei grundig innleiing om bakgrunnen for dette arbeidet, og Aasens biografer Kjell Venås og Stephen Walton, som leverte kvar sin store biografi i «Aasen-året» 1996 (hundreårsmarkeringa for Aasens død), har også utførlege framstillingar som i mykje bygger på Kolsrud, men som også omfattar korte innhaltsanalyser (Venås 1996:282–289, Walton 1996:567–579). Eit nytt opptrykk av NMB kom i 1975, men det er fotografisk etter Kolsruds utgåve og inneheld ingenting nytt.

Det første spørsmålet ein kan stille når ein skal gå inn på NMB,

er: Kva er *målbunad*? Ordet står ikkje i NO73, det vil seie at Aasen ikkje hadde funne det i dialektane, men laga det sjølv. I dag ville vi tolke det som ‘språkdrakt’. *Mål* er i alle fall ‘språk’. Men *bunad*, som i dag betyr ‘folkedrakt’, hadde før ein langt meir komplisert tydingsstruktur, blant anna kunne det bety reiskapar, verktøy, utstyr; jf. artikkelen *bunad* i NO2014 og analysen av denne artikkelen i Vikør 1997:43–50 (kortare og ganske likelydande i Vikør 2006:20–21 og Fjeld og Vikør 2008:200–201). Eg trur nok at også slike nyansar må tolkast inn i *målbunad* her.

I ordboksarbeidet sitt laga Aasen heile tida lister og oversikter over begrepssystematikk, først for dyr og planter, seinare, allereie kring 1840, også over andre begrepsfelt. Kolsrud har tatt med ei slik oversikt i starten av NMB-utgåva si: «Samling af Synonymer og Ord som i Betydningen staae nær ved hinanden», frå 1843. I denne oversikta har Aasen artiklar som dekker 26 begrepsfelt (på dansk) og nokre titals enkeltord under kvart (på norsk i ei førebels normalform han hadde sett opp). I 1856 laga han ei ny og større oversikt, også no med danske overbegrep og norske underbegrep, etter at den første utgåva av ordboka hans, *Ordbog over det norske Folkesprog*, var ferdig i 1850 og han arbeidde vidare for å supplere og auke ordmaterialet sitt med tanke på ei ny og større utgåve (det som skulle bli NO73).

Desse oversiktene var altså berre arbeidsreiskapar for Aasen i ordboksarbeidet. Dei var ei nødvendig strukturering som grunnlag for utforming av definisjonar, og ikkje minst var det viktig for han å få klarheit i dei strukturelle skilnadene mellom norsk og dansk semantikk. Ordbökene hans var tospråklege. Oppslagsorda var på norsk, i ei rettskrivingsform Aasen sjølv utforma på grunnlag av komparasjon mellom dei dialektformene han fann i bruk, det som skulle bli grunnlaget for målforma landsmål eller nynorsk. Ekvivalentar og definisjonar var på dansk, som også var metaspråket i ordbökene, det språket forordna i ordbökene var skrivne på, tittel osv.

TEMATISKE BIDRAG

Men i tillegg til dette hadde Aasen også fått i oppdrag å lage ei dansk-norsk ordbok, og den tanken låg i bakhovudet hans heile tida. Det gjorde denne kontrastive semantiske struktureringa, norsk vs. dansk, enda viktigare. Denne dansk-norske ordboka vart likevel stadig utsett på grunn av meir presserande oppgåver. Først fleire år etter fullføringa av NMB i 1876 tok Aasen dansk-norsk-prosjektet opp igjen og skreiv eit førsteutkast, som var ferdig i 1883. Men så vart det ikkje meir, og den rimelegaste forklaringa er at syttiåringen Aasen ikkje lenger hadde igjen krefter til eit nytt stort prosjekt. Men manuskriptet vart utgitt i 2000 (Aasen 2000, heretter kalla DO).

NMB er blitt eit verk som etter Waltons utrekning omfattar bortimot 40 000 ord, og det gjeld nesten berre enkeltord, ikkje frasar. Der NO73 i prinsippet berre omfatta ord som levde i dialekta, prøvde Aasen i NMB også å innarbeide moderne kulturbegrep som dialektane ikkje hadde ord for. Det var ikkje minst med tanke på DO-prosjektet, for dansk hadde desse kulturorda, og Aasen ville utvikle norsk til å fylle same funksjonane som dansk, men utan å låne dei danskeorda. Derfor måtte han ty til ein «islandsk» nyordspolitikk.

Det viktigaste forbildet for NMB var Rogets *Thesaurus*, som kom ut i 1852 og ser ut til å ha komme til Aasens kjennskap kort tid etterpå. Skilnadene mellom Roget og Aasen måtte likevel nødvendigvis bli store. Roget beskrev eit høgt utvikla kulturspråk med hundreårs skrifttradisjon bak seg, mens Aasen skulle bygge opp eit nytt språk der han sjølv måtte utvikle eit moderne ordtilfang. Det viser seg med ein gong ein moderne lesar prøver å orientere seg i verket: Store delar av Aasens ordtilfang er eksperimentelt, av grunnar eg nettopp har nemnt, og ikkje utan vidare forståeleg for eit moderne publikum fordi utviklinga av språket gjekk i ei anna retning. Mange av ordformene til Aasen slo ikkje igjennom, og er dermed ukjent i dag. Ikkje minst for svenske og danske lesarar, sjølv om dei er språkekspertar, blir verket nokså ujennomtrenge-

leg. Den som vil bruke NMB, må ha NO73 for handa, for der vil han finne definisjonane til dei orda Aasen hadde funne i dialekta – men mange av dei blir heller ikkje brukt lenger.

3. Strukturen i NMB

Makrostrukturen er enklare i NMB enn i Rogets tesaurus. Tekstinnndelinga er i tre gradar, som har fått noko ulike termar hos dei som har skrive om NMB. Eg legg meg opp til terminologien som blir brukt om Rogets verk, og kallar gradane frå topp til botn *klasse* (Kolsrud like eins, Venås: hovudemne, Walton: hovudfolk), *seksjon* (Kolsrud og Venås: bok, Walton: kategori) og *artikkel* (Kolsrud: stykke, Venås: (einskild)emne, Walton: område).

Det er fire overordna *klasser*, med følgjande titlar:

- A *Frumverket*
- B *Emne*
- C *Umstøda*
- D *Mannsfora*

Desse klassene, markert med A, B, C og D, står berre oppført i det innleiande oversynet, ikkje i sjølve teksta. Der er det det neste nivået, 30 *seksjonar*, som utgjer høgaste eining, markert med romartal og fortløpande nummerering frå I til XXX. Seksjonane består i sin tur av *artiklar*, totalt 315, også dei fortløpande nummererte, men med arabiske tal. Dei enkelte artiklane er ofte igjen inndelte i avsnitt med *undergrupper* av ord, helst utan tittel, nokre gonger med. Eksempel på dette vil bli gitt nedanfor.

Det er eit kompliserande moment at Aasen i det innleiande artikkelvesynet ofte gir opp to eller (sjeldan) tre stikkord på dei enkelte artiklane, mens han berre har eitt på sjølve artikkelen. Dei fem siste artiklane står såleis i innhaldslista referert slik:

TEMATISKE BIDRAG

- 311. Samhelde. Fred.
- 312. Usenja. Strid.
- 313. Hollskap. Godvilje.
- 314. Uhollskap. Illvilje.
- 315. Fredgjerd. Soning.

Men i sjølve «brødteksta» står berre det første ordet i kvart par som artikkeltittel. Når ikkje noko anna er sagt, refererer eg artiklane på denne korte måten, med berre eitt stikkord.

Heilt til slutt i boka er det to alfabetiske register, eitt på norsk og eitt på dansk – det sistnemnde var til bruk i DO-prosjektet. Eg kjem tilbake til regisra under 4.3.

4. Nokre gløttar inn i NMB

4.1. Klasser og seksjonar

Den første klassa er altså *Frumverket*. I NO2014 er det definert som «oppavleg (skapar)verk», med NMB som einaste kjelde; ordet er altså laga av Aasen, men har aldri komme i reell bruk. Denne klassa omfattar desse seksjonane:

I Land, II Vatn, III Luft, IV Jordfang, V Vokster (Plante), VI Dyr, VII Mann, VIII Likam, IX Ande.

Første seksjon er altså I *Land*, som har desse artiklane:

1 Land, 2 Landsbolt, 3 Grunn, 4 Leite, 5 Høgder, 6 Dyptre,
7 Marker, 8 Landslag, 9 Føre.

Aasen gjer det fleire stader slik at første underinndeling under ei høgare inndeling får same tittel som det høgare nivået. Truleg

impliserer det at han først gir opp dei mest generelle termene innanfor feltet, og så tar han spesialitetane kvar for seg. Slik er det gjort her, som vi ser. Både seksjonen (I) og den første artikkelen (1) heiter «Land».

Her er det naturformasjonar som står i sentrum. Den første artikkelen, *Land*, gjengir eg og drøftar meir i detalj under 4.2. Den neste, *Landsbolt*, går på ‘stykke land i motsetning til andre landområde’. Her er det både naturleg avgrensa landområde: *Dalføre*, *Fjord*, *Koll* ‘bakke’, og slike område som er avgrensa på kulturelt eller administrativt grunnlag, som *Grend*, *Herad*, *Skipreida*, *Sokn*, *Tinglag*. Dei neste artiklane handlar om ulike landskapstypar og terrenghold.

Vidare er det naturen som blir behandla i klasse A, under seksjonane *Vatn*, *Luft*, *Jordfang* (dvs. geologiske forhold), *Planter* og *Dyr*. Deretter kjem VII *Mann* (dvs. ‘menneske’). Her er det samfunnet som blir beskrive, med termar som gjeld den måten menneska fungerer på i samfunnet og kva slags sosiale forhold dei står i til andre menneske, som *Skyldfolk* ‘slektningar’, *Sivjungar* ‘inngifta slektningar’, og så følgjer ulike yrke, menneske etter personlege eigenskapar – her inngår det også skjellsord – grupperingar av menneske etter kor dei kjem frå, folkeslag og andre kollektivitetar. Neste seksjon, *Likam* ‘kropp’, går på det fysiske og anatomiske, men også på kroppslyte og trivsel. Endeleg har vi den korte bolken *Ande*, som handlar om religion og det overnaturlege. Det høyrde også med til språket, uansett kva ein elles måtte meine om det.

Neste klasse er B *Emne*, og denne overskrifta bruker han på tre nivå, både på første seksjonen innanfor klasse B (seksjon X) og på første artikkelen innanfor seksjonen (artikkkel 83). Denne artikkelen er generell, og så går Aasen vidare med å gruppere emna etter bruksverdi: Først bruksemne og forråd, og så får vi emna gruppete slik det var naturleg i det gamle landbruks- og naturalhus-haldet. Deretter tar han for seg *Slag*, det vil seie kategorisering av

TEMATISKE BIDRAG

emne i forhold til kvarandre, termar for jamføring osv. Så går det på *Mengd* og talforhold, på *Maal* og gradering av ulike slag (bl.a. lengd, breidd, vekt og verdimål), og på *Skap* (form og skikkelse). Til slutt får vi XV *Lag* (kvalitet, som også omfattar sanseinstrykk: *Lit* ‘farge’, *Døkkleike* ‘mørke’), og så har vi lyd, *Ange* ‘lukt’, smak, og ulike eigenskapar som hardheit, styrke osv. oftast sett i forhold til ei antonymgruppe).

Klasse C kallar Aasen *Umstøda*, definert i NO73 som «Omstændigheder, Forhold», og det omfattar seksjonane (frå XVI til XXI) *Tid*, *Stad*, *Støde* (situasjon), *Rørsla*, *Tilfelle* (som han definerer som ‘indtræffende Omstaendighed’) og *Tilstand*.

Den siste klassa, D, kallar Aasen *Mannsfora*, eit ord som heller ikkje står i NO73, men *Fora* ‘Færd, Atfærd, Behandling’ står. «Menneskeleg åtferd’ er truleg den beste moderne attgjevinga av begrepet. Denne klassa omfattar desse seksjonane (mine forklaringar i hakeparentes):

- XXII *Vit* [dvs. tankeliv i det heile]
- XXIII *Vilje* (*Hug*) [som omfattar humør, lyst og ulyst, trivsel, tolmod, og hovmod og arroganse]
- XXIV *Vitring* [ser ut til å dekke kommunikasjon allment, også kunstnarleg, her kjem t.d. stev, song og spel inn]
- XXV *Gjerd* [‘gjerning’, men også ‘måte, skikk’, og vi ser begge tydingar avspeglia i artiklane]
- XXVI *Vedgjerd* [i NO73 definert som ‘Forbedring, Istandsaettelse’]
- XXVII *Bureide* [går på hus og husbygging og det som høyrer til i huset]
- XXVIII *Handreide* [går på reiskapar og verktøy]
- XXIX *Eign* [går på eigedom forhold]
- XXX *Samliv* [må her tolkast vidare enn det moderne ordet *samliv*, omtrent som ‘forhold mellom menneske’]

Heile vegen ser vi kor nøye og allsidig det rurale arbeids- og samfunnslivet i Noreg på 1800-talet er dekt, men også kva for ei utfordring det var for Aasen å skape nye ord for abstrakte begrep som ikkje var kvardagslege for vanlege folk. Når slike ord ikkje står i NO73, så var det fordi den er empirisk basert på Aasens talemålsundersøkingar og ikkje inkluderte konstruerte ord. Men han visste at slike konstruerte ord måtte til, og han var sterkt puristisk og ville i prinsippet helst følgje ei islandsk line, med å lage nye ord av heimlege ordrøter og unngå innlånte element. På det området er NMB eit ærgjerrig verk, men oppgåva han stilte seg, var nok for stor for berre éin mann.

4.2. Artiklar: Nokre eksempel

Eg går no ned på det mest konkrete nivået og gir nokre eksempel på enkeltartiklar.

Hovuddisposisjonen i NMB går frå det konkrete og materielle til det meir abstrakte. Eg skal no gjengi tre artiklar, blant dei den første og den siste i heile verket, og drøfte dei litt vidare, for dei eksemplifiserer denne kontrasten ganske slåande. Først artikkkel 1: *Land*.

1. *Land*.

- a) *samfengt*. – Berg. Bygd. Dal. Fastland. Fjell. Grunn. Heim. Holm. Jord. Land. Landjord. Lende. Mark. Nes. Rike. Skage. Strand. Uppland. Vidaatta. Øy. Øyland. –Verd(i).
- b) *serlege*. – Austland. Nordland. Vestland etc. – Utland. Norig. Sverike. Danmark. Holland. Engelland.
- c) *etter Bunad*. – Buland. Bygdarlag. Fødebygd, Føde-land. Grannbygd, -lag, land. Grend. Grendarlag. Heimbygd, -land. Nybygd. Storbygd. Umkverv. Øydeland, -mark.
- d) *etter Tillægje*. – Avbygd. Avdal. Bergland. Fjellbygd. Fjordbygd. Havland. Høgland. Innland. Jadars. Laagland.

TEMATISKE BIDRAG

Midland. Sjoland, -bygd. Tverdal, -fjord. Utbygd.

e) etter *Lag*. – Aldeland. Baleland. Berrsnøyda. Farlende. Fiskeland. Forland. Frostland. Grasland. Grjonbygd. Høyland. Kornbygd, -land. Markland. Matland. Myrlende. Skogbygd, -land. Uland. Vaalende.

Denne artikkelen deler Aasen altså i fem undergrupper:

a) *samfengt* betyr ‘felles’, det er dei grunnleggande termene som også er overbegrep, ordna alfabetisk, som vi ser. Dei fleste orda er fellesskandinaviske. Ordet *Heim* betyr her «Verden, Jorden», liksom islandsk *heimur*. Han nemner òg *Verd(i)* særskilt til slutt.

b) *serlege* går ut på at det her er snakk om proprium, namn på spesielle område i motsetnad til andre. Her grupperer han ikkje alfabetisk, men etter innhaldskriterium.

c) etter *Bunad*: *Bunad* betyr i dag folkedrakt, men hadde for Aasen ei langt vidare betydning, knytt til verbet *bu*, som både betyddde ‘bu’ og ‘bygge’; vi ville i dag skrive *busetjing* for Aasens *Bunad* her (jf. kap. 2).

d) etter *Tillægje* betyr om lag ‘etter plassering i landskapet’: I NO73 står ikkje ordet *Tillægje*, så det har Aasen laga.

e) etter *Lag*: *Lag* er eit svært mangtydig ord, men kan her truleg tolkast som ‘etter eigenskapar’, sett ifrå gardbrukarens synspunkt. Enkeltorda her gir anten opp type produkt som landet eignar seg til: *Alde* tyder ‘frukt’, og *Fiskeland*, *Grasland*, *Høyland*, *Kornbygd*, *Kornland* forklarer seg sjølv. Eller han gir opp naturtype: *Berrsnøyda* ‘skoglaus mark’, *Farlende* truleg ‘lende som det ikkje er for vanskeleg å reise i’, *Myrlende*, *Skogbygd*, *Skogland*. Somme av orda har ikkje danske ekvivalentar, så Aasen må forklare dei omstendelege i NO73: *Baleland*, til verbet *bala* ‘streve, slite’: ‘en Kyst som er vanskelig at komme til i Stormveir’, *Forland* ‘Strand hvor det er vanskelig at lande; en Havkyst uden Indløb eller Bugter’, *Matland* ‘Land eller Sted med hensyn til Fødemidler: *Eit godt Matland*’, *Uland*, som altså er noko anna enn *u-land* i dag, det er:

‘et uheldigt Land for Fersel og Ophold; en farlig Kyst, en Strand uden Landingssteder o.s.v.’

Så ser vi på 129 *Ring*:

129. *Ring*.

a) *Lykkja*. – Aatrenne. Band. Bendel. Bugt. Draglykkja. Fatl. Gyrda. Halvkast, -stikk. Hanke. Havalde. Helta. Hempa. Hespa. Hogold. Homp. Honk. Hork. Horvelde. Kast. Knut (Kjerringknut, Raabandsknut). Kurra. Kurv. Kverva (=Korva). Lykkja. Mella. Moske. Nesting. Ora. Ranglykkja. Rennelykkja, -snar. Ride. Ridtaatt. Snar. Snarlykkja, -rukka. Snur. Sperr. Stikk. Strumpa. Taumsauke. Tull. Tvilla. Urva. Vidja. Vidjespenning. Yrgja.

b) *Kring* (*Ring*). – Baug. Belte. Bug. Fella. Gard. Gjerde. Gjord. Hjulfella, -ring. Holk. Huv. Kneppa. Krans. Kring. Kringel. Kringla. Krins. Krinsel. Krull. Kruna. Kveil. Kvery, Kvervel. Lekk. Lur. Null. Ring. Ringvid. Rull. Rundel, -ing. Skjæl. Skruvgang. Svarv. Sveiv. Sverkel. Sverv. Svervel. Sving. Sylgja. Trjosk. Tull. Vinding. Ving.

Adj. – bugtutt. drag vind. idutt. kaurutt. kringlutt. krullad. lykkjutt. ringlagd. ringutt. snarad. snurutt. sveiputt. vind. vunden.

V. – bugta. bulla. garda. kringa. krinsa. krulla. kurla. kverva. ringa. snara s. snura. sveiva. sverva. svinga. sviva. tulla. tunna. tvilla seg. vind s.

M: hespa. kveila. nysta.

Denne artikkelen står under seksjon XIV «*Skap* (Form)» i klassa B *Emne* (ved siden av *Flata*, *Klump*, *Lengja*, *Grein*, *Bøyg*, *Krok*, *Opning*, *Hol*, og andre). I innholdslista er overskrifta: «129. *Ring*. *Lykkja*», og Aasen er mest optatt av praktiske bruksjegenstandar som kan vere ring- eller løkkeforma (smykke spela nok ei perifer rolle). Under a) har han termar knytte til tau og reip, under b) reknar han

TEMATISKE BIDRAG

opp slikt som er eller kan vere rundt eller bøygd utan å gjere ei meir systematisk undergruppering. Vi kan merke oss at ordet *Tull* står både under a) og b). I NO73 går det fram at dette ordet har ulike tydingar, og dei som er relevante her, er: «Hvirvel, Kredsgang» og «noget som er sammenrullet», som begge går under b), og «en Bylt, Pakke, et sammenbundet Knippe», som ser ut til å passe best under a) (det er mi tolking, i alle fall).

Så føyer han til kortare rekker av adjektiv og verb som kan assosierast inn i den same (vide) tydingskrinsen. Det var eit problem for han korleis han skulle stille seg til ordklassegruppering i forhold til ei reint semantisk basert rekkefølgje av orda på tvers av grammatiske kategoriar. Det er eit generelt problem for alle som lagar begrepsordbøker. Aasen kom altså til at den semantiske grupperinga måtte vere overordna, men at det på nivået under var nyttig å skilje ut verb og adjektiv og i somme tilfelle andre ordklasser. Substantiva markerte han på den da konvensjonelle måten ved å gi dei stor førebokstav.

Forkortinga M i siste lina betyr «Merk», eller «NB», om ein vil.

Etter kvart blir emnefelta meir abstrakte, og som eit eksempel på det tar eg med artikkel 315 *Fredgjerd*, den siste i boka:

315. *Fredgjerd*.

a) *Uppgjerd*. – Avgreiding. Avrekning. Bot, Bøting. Fullnad. Fullnøgje. Greida. Grid. Jamning. Kvitting. Likning. Millomlag. Nøgje. Raadbot. Samføring. Samnad. Skulding(?). Tiljamning. Uppgjerd. Utjamning. Utrekning.

V. – freda seg. gjera Fred. greidast. jamna. kvitta (av). lata seg lita (l. seg nøgja). likna ut. nøgja seg. samføra seg. semja seg. skarva. skulta. skynsama.

Adj. – avgjord. avgreidd. klaarad. kvittad. uppgjord. utjamnad. – Jf. fullnøgd. litande. nøgd (aatnøgd). samd. samtykt. saatt(?)

b) *Soning*. – Avløysning. Ettergiving. Forlating. Frikjen-

ning. Gløyning. Løysning. Miskunn. Naade. Nedsoning. Orsaking. Rettferding(?). Semja. Soning. Sætt, -ing. Tilgiving. Utsoning. (Jf. 313). – »Forlik.«

V. – avløysa. frikjenna. fritaka. heilaga. kannast ved. miskunna. naada. orsaka. setja fri. sleppa (undan). taka fri (t. til Naade). tilgiva. tægjast. vaarkunna.

forlata. giva etter. gløyma. leggja ned. sona ned.

Jf. liva. skona. spara. vægja. – blidna. daast. kløkka. lin-nast. mildast. mjuka. rørast. sevast.

Adj. – avløyst. frikjend. orsakad. saklaus. skuldfri. – Jf. fredsam. godtolug. langmodug. linn. mild. miskunnsam. naadug. raadmild. skynug. tolug. tøyg. vægjen.

I NO73 er *fredgjerd* definert som ‘Fredslutning’ med opplysninga «sjeldent» (sjå nedanfor). Her er det mange abstrakte begrep som det har vore vanskeleg for Aasen å finne norske ord for. Tre av orda er forsynt med spørsmålsteikn. Det er nok ordframlegg som Aasen har vore usikker på. Vi må stadig ha i minnet at heile NMB er eit resultat av Aasens diskusjonar med seg sjølv, han har ikkje prøvd ut orda på andre språkbrukarar, så langt eg kjenner til. Også elles i NMB er det ein del ord med spørsmålsteikn, dei fleste i dei delane som dekker det abstrakte ordtilfanget.

4.3. Registrasjoner

Å finne fram i NMB er ikkje så lett. Aasen laga, som nemnt, to ordregister til dei ulike artiklane, eitt med (ny)norske oppslagsord og eitt med danske (med tanke på DO-prosjektet). Vi skal undersøke dei litt nærmere, og dermed også indirekte få eit visst innsyn i dei terminologiske problema Aasen hadde og korleis han prøvde å løyse dei.

Eg har gjort det slik at eg i første omgang har gått gjennom registrasjoner og registrert alle referansane til dei tre artiklane eg har

TEMATISKE BIDRAG

sitert ovanfor. Oppstillinga skal lesast slik at når ein slår opp på for eksempel «Uppgjerd» i det norske registeret eller «Forlig» i det danske, blir ein i begge tilfelle vist til artikkel 315, altså *Fredgjerd*. Slik:

Uppfostring. 302.

Uppgjerd. 315.

Upphav. 154.

Forlegen. 204.

Forlig. 315

Form. 76. 121. 284

Og så ser vi på referansane til dei tre artiklane. Først det norske registeret:

1. *Land*: Jord, Land

129. *Ring*: Kring, Lykkja, Ring

315. *Fredgjerd*: Fredgjerd, Soning, Uppgjerd

Så det danske:

1. *Land*: Jord, Jordstrøg, Land

129. *Ring*: Bøile, Kreds, Omkreds, Ring, Runding

315. *Fredgjerd*: Forlig, Forsoning, Fred, Fyldestgjørelse, Naade, Opgjør, Qvittering, Tilgivelse, Ædelmodighed

Totalt har det danske registeret 1444 oppslag etter mi teljing, mens det norske har berre 710. Det viser at Aasens primære problem da han utarbeidde registra, var begrepklassifiseringa av dei *danske* orda og ekvivalering av dei på norsk. Og når ein ser på oppstillinga ovanfor, ser ein kor dei største vanskane låg, nemleg i det abstrakte og samfunnsmessige ordtilfanget. Det var der det landbruksba-

serte norske folkemålet trøng mest bearbeiding for å utvikle eit moderne begrepsapparat og ordtilfang.

Oppslagsorda i registeret er for det meste seksjons- og artikeltitlar, men det kan òg vere enkeltord som representerer undergrupper eller finst på enda lågare nivå. Slike enkeltord er det mest av i den danske lista, og dei fleste av dei viser til dei siste klassene, særleg D, altså dei mest abstrakte begrepsfelta.

Reint praktisk må det ha fungert slik at når brukaren slo opp på for eksempel *Tilgivelse* i den danske lista og vart vist til nummeret 315, ville han finne eit nynorsk synonym til dette ordet under *Fredgjerd*. Men der måtte han berre leite i listene for å finne det beste synonymet; i stor grad var det altså brukarens skjønn som ville avgjere om det vart eit akseptabelt resultat. Så lenge Aasen var einaste brukaren, var dette sjølv sagt ikkje noko eigentleg problem, utover det at han ikkje hadde nokon eksisterande språkbruk å forhalde seg til. I DO har Aasen ført opp *Tilgivelse* med ekvivalentane «Ettergiving, Miskunn». Begge desse orda står under b *Soning* i artikkel 315 i NMB. Men i dag vil nok begge desse orda ha andre tydingsvalørar enn *tilgjeving*, som i seg sjølv er blitt eit vanleg ord også på nynorsk. Og slik var det truleg også for folk på Aasens tid, for det religiøst-moralske begrepsapparatet for bygdefolk på 1800-talet var jo prestens danske språk. Først seinare utvikla det seg eit nynorsk kyrkjesspråk, men det hadde Aasens upubliserte alderdomsverk neppe nokon innverknad på.

4.4. Nokre vanskelege begrep

For å illustrere Aasens problem med abstrakte begrep, listar eg opp titlane på artiklane i seksjon XXX *Samliv*. I parentes etter kvar tittel set eg definisjon(ar) og bruksopplysninga i NO73. Minusteikn (÷) tyder at ordet ikkje finst i NO73, og dermed truleg er nylaga av Aasen. Somme ord er oppførte med fleire tydingar i NO73; eg refererer da den som verkar mest relevant her.

TEMATISKE BIDRAG

XXX. *Samliv.*

- 299. Skyldskap. (Slægtskab)
- 300. Samnøyte. (Bordselskab)
- 301. Heimlag. (÷)
- 302. Uppfostring. (ikkje oppslagsord, men nemnt som vanleg synonym under *Uppfødsla*)
- 303. Lagfesting. (÷)
- 304. Lagskipnad. (÷)
- 305. Samgreida. (÷)
- 306. Samkoma. (Sammenkomst)
- 307. Hjelp. (Hjælp, Understøttelse (osv))
- 308. Vyrdnad. (Agtelse, Anseelse)
- 309. Velde. (Vælde, Magt, Raadighed)
- 310. Tevling. (Kappestrid, Veddekamp; Strid, Anstrængelse)
- 311. Samhelde. (Enighed, Sammenhold, God Forstaaelse.)
- 312. Usenja. (Uenighed)
- 313. Hollskap. (Huldkab. Velvillie. (Lidet brugt.))
- 314. Uhollskap. (÷)
- 315. Fredgjerd. (Fredslutning (Sjeld.))

Her ser vi altså fem minusteikn på sytten oppslag, og ved to av orda med danske ekvivalentar er det markert at dei er «sjeldne» eller «lidet brugt».

Ved 300 *Samnøyte* er «Bordselskab» openert ein for snever definisjon. Aasen underbygger det i NO73 ved å føye til uttrykket *hava Samnøyte* ‘spise sammen’ frå Hallingdal. Men han nemner òg at norrønt *samneyti* betydde «Samfund etc.». Og i eit tillegg med rettingar i NO73 presiserer han: «*Samnøyte* n. (rettere): Fællesskab i en vis Nydelse; Selskab, samfund; især Bordselskab etc.» Men i NMB er det openert meiningsa at ordet skal dekke eit vidare tydingsfelt, om lag ‘menneskeleg samkvem’ reint allment. Artikkeln *Samnøyte* er delt i to bolkar: a) *Samlag*, som nok langt på veg

er synonymt med overbegrepet Samnøyte, og b) *Kjendskap*, som dekker ulike gradar av og former for det som no mest vanleg blir uttrykt med bokmålsordet «berømmelse».

Når det gjeld *Uppfostring*, så er det altså ikkje oppslag i NO73, men nemnt som eit vanleg synonym til *Uppfødsla*. *Opfostring* var vanleg i dansk, og Aasen har kanskje ønskt å prioritere *Uppfødsla* som det norske ordet i NO73, men så endra meinings i NMB og likevel akseptert *Uppfostring* som hovudordet. Men dette er også berre mi tolking.

Eg kommenterer dei fem orda med minus kort her.

Heimlag er ikkje belagt nokon annan stad enn akkurat her, så det må reknast som eit mislykka forsøk på eit nyord. Artikkelen er delt i undergruppene *Lydtag*, *Lydkort* og *Einvære*, og ingen av desse orda er med i NO73. Ifølgje NO2014 er *einvære* sjeldan brukt, men tydinga er ‘einsemd’ (‘ensomhet’); dei to andre er berre belagt i NMB. I Aasens danske register viser oppslaga *Eenlighed*, *Familie*, *Folkemangel*, *Huusfolk* til artikkel 301. Elementet *Lyd-* betyr altså ‘folk’ (norront *lyðr*), og dermed får vi desse tentativer definisjonane: *Lydtag* ‘samvær med folk’, *Lydkort* ‘mangel på folk’. Og ordutvalet i sjølv artikkelen tyder på at det handlar om nettopp det, da helst ‘folk’ som arbeidshjelp (som i det gamle bondesamfunnet vart rekna som del av hushaldet) og familiemedlemmer. *Heimlag* er da kanskje, på dansk, kombinasjonen av «Familie» og «Huusfolk».

Lagfesting er òg berre belagt i NMB; i NO2014 tolka som ‘innsetjing (i eit embete o.l.)’ og ‘viggle’. Det passar med ordutvalet i artikkelen; det omfattar også innføring i ein ny (kyrkjeleg og sosial) status (dåp, konfirmasjon, og andre typar innviing). Dei relevante oppslagsorda i det danske registeret (som viser til artikkel 303) er *Ansættelse*, *Godwillie*, *Indvielse*, *Vielse*. Kanskje *Lagfesting* da kan definerast som ‘innføying i ein fellesskap’.

Heller ikkje *Lagskipnad* er belagt andre stader enn i NMB og må dermed reknast som eit mislykka forsøk. Men meinings må vere noko i retning av ‘samfunnsordning’. Det er tre undergrup-

TEMATISKE BIDRAG

per: *Styring, Lydnad og Rett*, og dei peikar ganske eintydig i den retninga. Orda i det danske registeret som viser til artikkel 304, er ganske mange: *Anordning, Befaling, Bestemmelse, Føielighed, Lydighed, Ordning, Pligt, Protest, Regel, Regjering, Ret, Skyldighed, Straf, Styrelse, Valg, Årefrygt*.

Samgreie betyr ifølge NO2014 ‘noko ein gjer eller har saman’, og det er nemnt eit belegg hos ein forfattar frå Aasens eiga tid, men elles er dette ordet heller ikkje brukt. Også her er det mange oppslag i det danske registeret som viser til artikkel 305: *Afgjørelse, Contract, Forretning, Gjenstand, Mellemværende, Overenskomst, Regnskap, Sag, Samraad, Underhandling, Årinde*. Det ser ut som *Mellemværende* er det danske ordet som er mest dekkande som overbegrep; Aasen har *Millomvære* med som enkeltord i sjølv artikkelen. Men *hopehav* er kanskje det moderne ordet som best dekker dette begrepet; det står også i NO73, men her i artikkel 305 har han berre med langforma *hopehavande*.

Uhollskap har nok Aasen nylaga som motsetning til *Hollskap*; også dette ordet er berre belagt i NMB. Det går på positive vs. negative kjensler overfor andre menneske. Dette viser korleis Aasen markerer antonymi ved å samle motsetningar i separate artiklar som følgjer på kvarandre, det positive først og det negative etterpå, som kan reknast som ei «naturleg» rekkefølgje. Rett framfor *Hollskap* står 311 *Samhelde*, i innhaltslista presisert med *Fred*, og 312 *Usemja*, presisert med *Strid* (sjå kap. 3).

Andre stader samlar Aasen motsetningane i same artikkel. 307 *Hjelp* inneheld såleis undergruppene *Beine* og *Ubeine*, og *Beine* betyr da ‘teneste’, mens *Ubeine* er eit (igjen nylaga og seinare ubrukt) ord for det å vere tverr og lage vanskar for andre. 308 *Vyrdnad* inneheld undergruppene *Vyrding* og *Uvyrdnad* (hån, spott, forakt o.l.), og 309 *Velde* inneheld undergruppene *Velde* (Magt) og *Undermagt* (i NO73 definert som «svagere Magt»; ‘underordna stilling’ vil vi vel seie i dag).

Atter andre stader blir antonymien markert på eit enda låga-

re nivå. Eit eksempel på det har vi under 300 *Samnøyte*, bok b *Kjendskap* (jf. ovanfor). Her skil han ut adjektiva frå substantiva, og så får vi denne oppstillinga:

Adj. – folkegjengd. folkekjend, -van. heimholl(?). kjend.
kunnug. mannkjend, -tamd. reken. vidfare. vidkjend.
(Mots.) framand. langfare. nykomen. ukjend. ukunnug.

Markering av antonymi har i det heile vore eit viktig problem for Aasen, som det er for alle som arbeider med begrepsordbøker. Han gjorde det altså på ulike nivå, truleg også styrt av kor mange ord som var inne i bildet i kvart tilfelle.

5. Roget og Aasen: Likskapar og skilnader

Sidan Roget var det fremste forbildet for Aasen, vil ei samanlikning mellom dei vere interessant, trass i dei uvanleg ulike utgangspunkta, med verdsspråket engelsk mot eit nynorsk som enno var på teiknebrettet. Men Hüllen (2005:335–337) gir ei interessant belysning ved å jamføre Roget med ein av forgjengarane hans, John Wilkins, som i 1668 gav ut ei tesaurisk oversikt over engelsk ordtilfang. Hüllen viser at der Wilkins var empirikar og sette opp konkrete nomenklaturar over dyr, planter, tal osv., baserte Roget seg på abstrakte idear og førte opp termar og ord med konkret tyding mest som illustrasjon til ideane. Til dømes hadde Wilkins under *relations*, altså slektskapstermar, *Progenitor/Descendant, Parent/Child, Uncle/Nephew, Brother/Half Brother, First Cousin/Cousin*. Roget hadde derimot overbegrepet *consanguinity* med termar som *kindred, blood, parentage, cousin, brother, sister, brotherhood, sisterhood, cousinhood* og mange andre.

Det er vel lite truleg at Aasen visste om Wilkins, men det var hans spor han følgde i. I artikkelen 55 *Skyldfolk* står såleis først un-

TEMATISKE BIDRAG

dergruppa *Mann*, med ord som *Broder*, *Broderson*, *Dotterson* osv. og seinare undergruppa *Kvinna*: *Broderdotter*, *Dotter*, *Dotterdotter* osv. – rekkefølgja i kvar undergruppe er alfabetisk. I den tredje undergruppa, *samfengt*, står *Barn*, *Barnebarn*, *Eigefolk* osv. Vi har sett nok av eksempel på dette ovanfor: Aasen baserte seg på det konkrete språket og livsverda til norske bygdefolk, og hadde, som nemnt, atskilleg strev med å bygge opp ein meir abstrakt terminologi, som han visste var nødvendig i den moderne verda, og som dessutan ville vere heilt nødvendig når han skulle lage ei ordbok frå det meir utvikla kulturspråket dansk til det nye norske skriftspråket – det prosjektet som han hadde langt framme i tankane, men som til sjunde og sist ikkje vart realisert.

I innleiinga til tesaurusen la Roget vekt på to hovudmål:

- 1) Sjølve struktureringa av det menneskelege begrepssystemet og innkleininga av det i ord, med Rogets eigne ord (sitert etter Hüllen 2004:327):

The purpose of an ordinary dictionary, is simply to explain the meaning of words; and the problem of which it professes to furnish the solution may be stated thus: – The word being given, to find its signification, or the idea it is intended to convey. The object aimed at in the present undertaking is exactly the converse of this; namely, – The idea being given to find the word, or words, by which that idea may be most fitly and aptly expressed.

- 2) Bruksverdien: Det skulle vere ei bok der engelske morsmålsbrukarar skulle finne det eksakte ordet for det dei tenkte og ønskete å uttrykke.

I kor stor grad Roget lykkast i dette, ligg utanfor emnet her. For Aasens del har det praktiske føremålet vore det dominerande,

nemleg å bygge opp ein semantisk struktur som skulle hjelpe han i ordboksarbeidet, og også gi han støtte i arbeidet for å utvikle nynorsken som moderne kulturspråk. Rogets mål 2, å lage ei bruksbok for andre språkbrukarar, har nok Aasen også tenkt på, men han kom altså ikkje i gang med å bearbeide manuskriptet sitt til det formålet. Og da NMB låg føre som trykt bok frå 1925, vart ho stort sett liggande eller ståande i hyller, nedstøva og uoppskoren.

6. NMB i ettertida

NMB er blitt ståande i språkhistoria og forskningshistoria som eit ikon, og ikkje ei bruksbok. Begge Aasen-biografane undrar seg over det. Venås peikar på at boka nok ikkje var lett å bruke, utan sidetal i det innleiande oversynet og eit register baki som berre tok med overbegrep, ikkje enkeltord. Ho er ikkje så lett å finne fram i, utan at ein har gjort ein forholdsvis grundig jobb med å setje seg inn i korleis ho er organisert. Dessutan er det nok ein hemsko for ei slik bok at det ikkje er med definisjonar og forklaringar. På engelsk går det, for Roget kunne stole på at dei potensielle brukarane utan vidare kjente dei enkeltorda han gav opp (men han kan jo ha overvurdert dei). Aasen kunne absolutt ikkje ta det for gitt. Ingen brukar av NMB i dag kan la vere å ha NO73 ved sida av seg for å vere sikker på kva dei enkelte orda betyr. Til og med ei moderne nynorskordbok er ikkje nok, for orda kan ha – og har ofte – endra tyding i forhold til det Aasen la i dei, og det er det siste som er relevant når ein vil tolke NMB.

I tillegg spelar det ei rolle at NMB beskriv eit urealisert språk og eit ordtilfang som berre delvis vart realisert, eller som for ständig større delar av folket vart utdatert på grunn av urbaniseringa. Den nynorsken som etter kvart voks fram i bruk, vart annleis enn den Aasen framstilte i NMB. Det var nok blitt klart alt i 1920-åra, og enda meir seinare. Og som sagt: Aasen kom aldri til å redigere

TEMATISKE BIDRAG

verket med tanke på allmenn bruk. Så NMB er og blir primært eit faghistorisk dokument.

Men i heilt moderne tid har det likevel skjedd noko: I samband med oppbygginga av det digitale tekstkorpuset til prosjektet Norsk Ordbok 2014 (ved Universitetet i Oslo), vart også NMB digitalisert ca. 1996 av det daværende Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo (i dag: Eining for digital dokumentasjon). Det er også i gang eit arbeid med eit alfabetisk register over alle ord i NMB med tilvising til dei NMB-artiklane der ordet er oppført (ved Christian-Emil Ore).

Walton på si side vil forklare situasjonen ved å peike på den uvanleg svakt utvikla leksikontradisjonen i Noreg, som har hemma framvoksteren av ein norsk synonymikk, i staden for å framheve svakheiter i NMB. Dette er eit viktig poeng, men først og fremst med tanke på eit anna spørsmål: Korfor har ingen – med eller utan inspirasjon frå NMB – gått i gang med å lage ein moderne norsk tesaurus – for bokmål eller nynorsk eller begge – gjennom heile 1900-talet? Det er i grunnen meir merkeleg enn at Aasens verk ikkje vart meir brukt.

No har Johan Hammond Rosbach gitt ut ein ny norsk tesaurus – for bokmål – i 2001, og det var ganske seint, samanlikna med Sverige og Danmark. Rosbach gir opp at han er inspirert av Roget, men nemner ikkje NMB. Tesaurusen hans omfattar eit moderne norsk ordtilfang ved tusenårsskiftet, og er sjølvsagt tilgjengeleg for vanlege brukarar på ein heilt annan måte enn NMB, men ein systematikk som kan måle seg med Aasens finn vi ikkje hos Rosbach. Både prinsippa for klassifisering, utvalet av ord og assosiasjonane som ligg til grunn for kategoriseringa av dei enkelte begrepa, verkar ofte svært tilfeldige (sjå omtale i Guttu 2002).

Ein god og dekkande tesaurus for moderne norsk, med ei god og gjennomtenkt organisering av ordmaterialet, manglar vi altså framleis. Det ville kanskje vere ein god idé å ta fram att *Norsk Maalbunad*, ikkje for å gjenutgi eller kopiere denne boka, men

for å vurdere om ein ut frå den systematiske grunnstrukturen i den kunne bygge opp ein modernisert begrepsstruktur som ein så kunne setje det noverande ordtilfanget i bokmål, nynorsk eller begge, inn i.

Litteratur

- DO = Aasen 2000.
 Fjeld, Ruth Vatvedt og Lars S. Vikør 2008: *Ord og ordbøker. Ei innføring i leksikologi og leksikografi*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
 Guttu, Tor 2002: En leksikografisk sjeldenhets. [Melding av Rosbach 2001.] I: *Ord om ord* 8, 156–158.
 Hüllen, Werner 2004: *A History of Roget's Thesaurus*. Oxford: Oxford University Press.
 NMB = Aasen 1925.
 NO2014 = *Norsk Ordbok*.
 NO73 = Aasen 1873.
Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. 1966–. Oslo: Det Norske Samlaget.
 Roget, Peter Mark 1852: *Thesaurus of English Words and Phrases*. London: Longman, Brown, Green and Longmans.
 Rosbach, Johan Hammond 2001: *Norsk tesaurus*. Oslo: Pax forlag.
 Venås, Kjell 1996: *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*. Oslo: Novus.
 Vikør, Lars S. 1997: Kva kan Norsk Ordbok lære oss? I: Lars S. Vikør (red.): *Norsk Ordbok – nynorskens leksikografiske kanon?* Oslo: Universitetet i Oslo, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap.
 Vikør, Lars S. 2006: Dei diakrone aspekta ved Norsk Riksmålsordbok og Norsk Ordbok. I: *LexicoNordica* 13, 7–23.
 Walton, Stephen 1996: *Ivar Aasens kropp*. Oslo: Det Norske Samlaget.

TEMATISKE BIDRAG

- Aasen, Ivar 1850: *Ordbog over det norske Folkesprog*. Christiania.
Ny utgåve 2000 ved Terje Aarset og Kristoffer Kruken, Oslo:
Det Norske Samlaget.
- Aasen, Ivar 1873: *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania.
Fleire opptrykk; ny utgåve 2003 ved Terje Aarset og Kristoffer
Kruken, Oslo: Det Norske Samlaget.
- Aasen, Ivar 1925: *Norsk Maalbunad*. Utgitt av Sigurd Kolsrud,
Oslo: Det Norske Samlaget. Fotografisk opptrykk 1975, Ber-
gen: Norsk Bokreidingslag.
- Aasen, Ivar 2000: *Dansk-norsk Ordbog*. Utgitt av Terje Aarset, Jarle
Bondevik og Oddvar Nes, Bergen: Norsk Bokreidingslag.

Lars S. Vikør
professor
Norsk Ordbok 2014
Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Universitetet i Oslo
Postboks 1021 Blindern
NO-0315 Oslo
ls.vikor@iln.uio.no